

# VAKSDAL NÆRINGSSELSKAP AS

## ÅRSMELDING 2017

Næringssekskapet har drive si verksemd i samsvar med formålet som vart lagt til grunn ved etablering i 1997. Selskapet skal drivast på ein ikkje kommersiell basis.

### Aksjonærar

Selskapet sin aksjekapital kr 891.000.- fullt innbetalt. Det er i alt 24 aksjonærar i selskapet, inkl. Vaksdal Næringssekskap AS, som har overteke 27 av 891 aksjar frå tidlegare aksjonærar. Det er ikkje utsteda aksjebrev til aksjonærane, men selskapet har oppretta aksjonærprotokoll som syner aksjefordelinga.

I følgje vedtektene skal Vaksdal kommune eige minst 51 % av aksjane.

Aksjane i selskapet er slik fordelt:

Vaksdal kommune	602.000.-	67,55%
Dale Fabrikker AS	60.000.-	6,75%
Dale of Norway AS	60.000.-	6,75%
Øvrige bedrifter	111.000.-	12,5%
Organisasjonar	31.000.-	3,45%
Vaksdal Næringssekskap AS	27.000.-	3,0%

### Styret:

Selskapets styre har 7 medlemmar med personlege varamedlemmar. I følgje vedtektene har Vaksdal kommune rett til at tre styremedlemmar med personlege varamenn skal veljast som representantar frå kommunen.

Generalforsamling for 2016 vart avhalde 14.06.2017. Etter ordinær generalforsamling den 07.06.2016 og konstituering i styremøte 09.06.2016 har styret vore slik samansett, med personlege varamedlemmar:

Styreleiar	Geir Hanevik	Rune Sæterdal
Nestleiar	Stian Jordalen	Eli Leiren
Styremedlem	Brita Hesjedal Lunde	Frode Dyvik
Styremedlem	Magne Hestad	Terje Davidsen
Styremedlem	Bjørn Roald	Karin Groth
Styremedlem	Jan Hansen	Karin Nordheim Flatekval
Styremedlem	Grete Langeland	Arild Stamnes

Det er oppretthalde eit godt samarbeid med Hordaland Fylkeskommune, Innovasjon Norge regionalt, Fylkesmannen i Hordaland v/landbruksavdelinga og Invest in Bergen. Ordførar Eirik Haga og fungerande rådmann Åse Elin Myking har vore observatør i styret frå Vaksdal kommune.

Styret har i 2017 halde 7 møte og handsama 37 saker. Om 2017 var eit år med eit steg attende for ny E16/Bergensbane Arna-Stanghelle er uvisst. Trass i at starttidspunkt for realisering er utsett held planlegginga fram. VNS har vore ei røyst for konsekvensar av ny veg og bane, supplert politisk leiing for gjennomslag, i samarbeid med bl.a. Vossaløysinga AS, Næringsalliansen og Ringerike Næringsforum.

Styret og administrasjon gjennomførte styreseminar 18.10 og 07.11 2017 i Styrarbustaden på Vaksdal og møterommet til VNS. Tema og inviterte innleiarar snakka om datasenter-etablering og reiselivsutvikling.

I årsrekneskapen er det sett av kr. 126.000.- til styrehonorar for 2017.

**Inntekt:**

Dagleg leiar har vore prosjektleiar for Vossaløysinga as, som skal jobba for å realisera konsept 5, i KVU Arna-Voss. VNS har fakturert 86 196,50,- for dette, ca 20% stilling frå 01.01.2017 til 01.07.2017. Dette var 6 færre mnd med inntekt enn i 2016.

**Likestilling:**

Selskapet har 1 tilsett.

Styret består av 5 menn og 2 kvinner. Leiinga og styret meiner at den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling er tilfredsstillande.

**Revisjon:**

Selskapet sin revisor er RMS.

Det er i 2017 utbetalt kr 38.056,- som godtgjerdse for revisjonshonorar.

**Driftsresultat 2017**

Selskapet sine oppgåver og forvaltning av midlar kjem til uttrykk i årsrekneskapen.

Styret har fått orientering om utvikling / framdrift / utbetaling av tilskot til eksterne prosjekt og kostnader for interne prosjekt. Prosjekt som har fått tilsegn om stønad, men som ikkje er gjennomført, er kansellert innan gjevne fristar. Ved avslutning av prosjekt / tiltak er overskytande midlar tilbakeført fond.

Det er ført rekneskap over kostnader for prosjekt, som vert gjennomført i regi av næringselskapet. Desse kostnadane inngår i den totale rekneskapen for selskapet. Det som var spesielt for 2017 og gjorde underskotet ekstra stort var tap i lån til anna selskap på kr 165 234,-.

Selskapet sin totale rekneskap viser eit underskot på kr. 663.486.-.

Styret rår til at underskotet, kr. 663.486.- vert dekkja slik:

Overført frå annan eigenkapital kr. 663.486.-.

**Administrasjon:**

Vidar Skeie har fungert i stillinga som dagleg leiar.

Lønnskostnader til dagleg leiing har i 2017 vore kr. 559.024.-inkl. feriegodtgjersle.

Selskapet er lokalisert i Dale sentrum, i Coop Hordaland sitt bygg.  
Kontorlokale og andre tilhøve tilfredsstillar krav til fysisk arbeidsmiljø.

Sjukefråvær 2017: 6 arbeidsdagar.

Verksemda driv med næringsutviklingsarbeid i Vaksdal kommune, og forureinar ikkje det ytre miljø.

Dale den 6. juni 2018

I styret for Vaksdal Næringssekskap AS

Geir Hanevik  
Styreleiar

Stian Jordalen  
Nestleiar

Bjørn Roald  
Styremedlem

Magne Hestad  
Styremedlem

Grete Langeland  
Styremedlem

Jan Hansen  
Styremedlem

Brita Hesjedal Lunde  
Styremedlem

Vidar Skeie  
Dagleg leiar